

RETNINGSLINJER FOR SAL OG SKJENKING AV ALKOHOL I FINNØY KOMMUNE
Vedteke av Finnøy kommunestyre 22. juni 2016 – gjeld t.o.m. 30. juni 2020

1. Generelt

Innan rammene fastsett i Alkohollova §§ 3-7 og 4-4 avgjer kommunestyret opningstider og retningslinjer for sal og skjenking av øl, vin og brennevin i Finnøy kommune. Saman med «Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Finnøy kommune» fyller desse retningslinjene lovkrava om kommunal plan, som fastsett i Alkohollova § 1-7 d.

Finnøy kommune skal stå for ein balansert alkoholpolitikk som tek sosial-, kultur- og næringspolitiske omsyn. Målsettinga er å kontrollera tilgangen på alkohol og skapa miljø og haldningar som reduserer behovet og etterspurnaden etter alkohol og andre rusmidlar. Kommunen skal驱a eit aktivt tilsyn med dei verksemndene som har fått sals- og skjenkeløyve, slik at ein sikrar ei drift i samsvar med regelverk og føresetnader.

2. Felles for skjenkeløyve og salsløyve

- a) Finnøy kommune skal føra ein bevisst løyvepolitikk for sal og skjenking av alkohol i kommunen.
- b) Kommunestyret kan gje løyve til sal og skjenking av alkohol for perioden til 30.06.2020.
- c) Eit sals- eller skjenkeløyve kan ikkje takast i bruk før styrar og stedfortredar for styrar har bestått kunnskapsprøva og er endelig godkjent. For små verksemder kan det dispenserast frå kravet om stedfortredar.
- d) Eit sals- eller skjenkeløyve kan ikkje takast i bruk med mindre det ligg føre dokumentasjon på at lokalet frå plan- og bygningsmyndighetene si side er godkjent til formålet sal og/eller skjenking av alkohol.
- e) Dei som får sals- eller skjenkeløyve pliktar å gje kommunen årleg oversikt over omsetning/reviderte rekneskapstal. Rådmannen gjev nærmare fristar.
- f) Kontrollen med bruken av løylene vert utført av Brannvesenet i Sør-Rogaland v/skjenkekontrollen. Brot på løyvevilkåra og alkohollova vil bli handsama etter gjeldande retningsliner for reaksjonsformer ved brot på løyvevilkår og alkohollova, fastsett i forskrift.
- g) Krav til internkontroll, jfr. Alkoholforskrifta (8.6.2005 nr. 538) kap. 8.

3. Skjenkeløyve

- a) Kommunen vil kunna tildela skjenkeløyver for øl og vin til spise- og skjenkestader etter søknad. Kommunen vil prioritera:
- serveringsstader retta mot reiselivet.
 - serveringsstader med matservering.
- b) Kommunen vil kunna tildela skjenkeløyve for brennevin til spisestader der servering av mat inngår som ein vesentlig del av konseptet, og som fyller desse kriteriene:
- Spisestaden skal ha fast meny og/eller a la carte
 - Spisestaden skal ha kokk og serveringspersonale
 - Konseptet legg opp til at det skal serverast mat og at folk kjem dit for å eta.
- c) Dei som får skjenkeløyve pliktar å gje opplysningar om tilstelninga slik at skjenkekontroll vert lett å utføre. Rådmannen gjev nærmare reglar og fristar.
- d) Finnøy kommune har eingongsløyve og ambulerende skjenkeløyve for rusbrus/øl/vin og brennevin, disponert av rådmannen. Formannskapet kan fastsetja nærmare retningsliner for bruken av løyva, og løyvehavarane skal underleggjast den same kontrollen som ved andre løyve.
- e) Bevillingsgebyret for løyve til skjenking ved ambulerande løyve følgjer maksimalsatsane, jfr. Alkohollova § 7-1 og Alkoholforskrifta kapittel 6.
(Pr .juni 2016 er dette kr. 340,- pr. gong.)
- f) Rådmannen kan tildela skjenkeløyve for rusbrus/øl og vin for enkeltarrangement. Formannskapet skal fastsetje nærmare retningslinjer for tildeling av desse løyva, og løyvehavarane skal underleggjast den same kontroll som ved andre løyve. Det er ein føresetnad at det blir søkt om slike løyve i så god til på førehand, at politiet og skjenkekontrollen kan ha fått melding når dei planleggjer bruk av sine ressurssar, jfr. §§19-20 i politivedtekt for Finnøy kommune, 10.01.2011.
- g) Skjenking av alkohol kan skje innanfor desse tidene:

Øl og vin (inntil 21 volumprosent alkohol)	kl. 11.00 – 01.00
Brennevin (over 21 volumprosent alkohol)	kl. 13.00 – 24.00

Konsum av alkoholhaldige varer er ikkje tillate seinare enn 30 minutt etter skjenketida, jfr. Alkohollova § 4-4.

Skjenking av alkohol er forbode på langfredag, på 17. mai, og på 1. juledag.

- h) Det bør ikke gjevast vanleg skjenkeløyve for alkohol til stader som er lagt til:
- oppvekstmiljø/bustadområde
 - gatekjøkken/storkiosk
 - idrettshallar/idrettsarrangement
 - marina/campinganlegg
- i) Det skal ikke gjevast ambulerande eller alminneleg skjenkeløyve til idrettsarrangement.

4. Salsløyve

- a) Salsløyve for øl og rusbrus og andre alkoholvarer som inneholder over 2,5 t.o.m. 4,75 volumprosent alkohol kan gjevast til daglegvarebutikkar i kommunen.
- b) Sal og utlevering av øl og rusbrus som nemnd ovanfor, kan berre skje innanfor opningstida til butikkane, avgrensa av desse maksimaltidene:

Måndag – fredag	kl. 08.00 – 20.00
Laurdag og dagar før helgedagar, unntake onsdag før Kristi Himmelfartsdag:	kl. 08.00 – 18.00
Kunden må ha nådd fram til kassen med varene innanfor maksimaltida.	

Sal og utlevering av øl kan ikke skje på søndagar, helgedagar eller høgtidsdagar.

5. Reaksjonsformer ved brot på løyvevilkår og brot på Alkohollova med forskrifter

Når det blir avdekket brot på lov og regelverk for sal eller skjenking av alkoholholdige varer, eller på regelverk som har samanheng med føremålet i Alkohollova, har rådmannen fullmakt til å tildela prikker som fastsett i Alkoholforskrifta kapittel 10.

Saker som gjeld inndragning av løyve skal behandlast av formannskapet. Reaksjonane bør koma raskast mogleg etter at det har skjedd brot på regelverket.